

Informasjon angående matkjedeinformasjon (MKI)

For å ivareta mattrryggleik og dyrevelferd er det viktig å følgje krava for mattrryggleik, sporbarheit, dyrevelferd og matkjedeinformasjon.



Ei samla kjøttbransje og Mattilsynet ser at disse krava ikkje alltid blir følgt.

Rett rapportering av MKI

- Sikrar mattrryggleiken
- Sikrar at dyr til slakt ikkje går på medisin eller har andre helsekadelege stoff i kjøttet
- Sikrar at dyrevelferda blir ivaretatt når dyra blir transportert og kjem inn til slakteriet

Her kjem litt tips til korleis du som produsent kan ivareta disse krava:

Før innmelding

- Du må ha registrert eit dyrehald hos Mattilsynet for det dyreslaget du skal levere
- Dyra skal vere korrekt merka
 - o Storfe skal ha to godkjente øymerker
 - o Småfe skal ha to godkjente øymerker
 - o Gris skal ha tatovering og eventuelt øymerke

Du kan lese meir angåande merking av slaktedyr [her](#).

Innmelding

- Ved innmelding skal informasjon om eventuelle helseavvik registrerast
 - o Eksempel på helseavvik kan vere, brokk og lettare haltheit
- Det er **kun** dyr som er transportdyktige og allment friske som kan sendast til slakt
- Mattilsynet har ei rettleiing om «krav til levering av MKI før slakting», som du kan lese [her](#).
- Rettleiing om dyr skikka til transport finner du [her](#).

Seinast to dagar før henting

- To vyrkedagar før henting burde det bli gjort ein ny sjekk av dyra, og eventuelle nye helseavvik må slakteriet bli opplyst om
- Sjekk om det er samsvar mellom øymerka og dyra som er innmeldt
- Det kan ikkje bytast dyr etter at MKI er sendt til Mattilsynet dagen før henting

Dagen før henting og fram til hentetidspunkt

Dersom det oppstår avvik på nokon av dyra dagen før henting, skal sjåfør og slakteri få beskjed, slik at dei kan vurdere transportdyktigheit. Beskjed blir vidaresendt til Mattilsynet, og eventuelle avvik skal registrerast nedst på innkøyringsseddel. Eit utvida eigenerklæringsskjema må òg fyllast ut, og sendast med sjåfør. Småfe og gris med avvik skal òg merkast slik at dei lett kan identifiserast. Slaktet vil ikkje bli godkjent før all informasjon er innhenta. Eit utvida eigenerklæringsskjema finner du [her](#).

Hasteslakt

Det er kun ved hasteslakt at dyr kan sendast til slakteriet utan at rutinane over blir følgt. Hasteslakt, er eit dyr der det har oppstått ein akutt dyrevelferdmessig hending som gjer at dyret ikkje kan slaktast innanfor den vanlege fristen for MKI. Dyret må vere transportdyktig og det skal følgje med ei utvida eigenerklæring når dyret blir sendt.

For småfe som sendast rett frå beite til slakteri

Når du har beitetilsyn med dyra før slakting, må du sikre punkta ovanfor. Når dyra samlast for transport til slakteri skal produsent gå over dyra og helseavvik som ikkje er registrert ved innmelding, må meldast til sjåfør og ei utvida eigenerklæring skal brukast.